

folk først



Britt Giske Andersen
andtekandidat for
Venstre i Møre og
Romsdal

Pål Farstad
førstekandidat for
Venstre i Møre og
Romsdal

Olbjørn Kvernberg
tredjekandidat for
Venstre i Møre og
Romsdal



Stem **venstre** i år!

Pål Farstad er kandidaten
vår til Stortinget



Pål Farstad

Lærer og bedriftsrådgivar. Lang erfaring frå næringslivet i Møre og Romsdal.
Kommunestyre- og fylkestingsrepresentant



**Miljø - Energi - Fisk
Landbruk - Maritim**



Sats på kunnskap

Venstre vil ha ein skule der elevane kan sanke kunnskap og få sjølvtilitt gjennom meistring. Det krev fagleg sterke lærarar. Barn og unge fortener ein god skule, difor satsar Venstre på læraren.

Ungdom som søker høgre utdanning skal ha eit godt tilbod i heile fylket.

Venstre vil :

- gjere lærarutdanninga til 5-årig mastergrad
- gje rett og plikt til vidareutdanning
- gje læraren meir tid til å vere lærar
- gje eleven god helsesøsterteneste
- auke løyvingane til universitet og høgskular
- sikre at sidemålsopplæring framleis skal vere ein viktig del av norskfaget





Ta grønne val

Venstre vil :

- verne dei sårbare havområda utanfor Møre, Lofoten, Vesterålen og Senja til fordel for fiskeri, turisme og berekraftige næringar.
- ha fleire pilotanlegg for fornybar energi som vindmøller, saltkraft, tidevassenergi og bølgekraft
- bruke staten som storforbrukar, storinnkjøpar og storeigar til å få raskt på plass teknologi som minskar CO₂-utslepp
- ta vare på mangfaldet i naturen
- ha meir gods over frå veg til sjø og bane






Sats på næringslivet

Venstre vil ha ei sterkare satsing på transport og kommunikasjon, forskning og utvikling, kultur og utdanning for å auke verdiskapinga i Møre og Romsdal.

Venstre vil ha ferjefrie fjordkryssingar for å skape meir robuste bu-, service og arbeidsmarknadsregionar. Saman med ei sterk satsing på kollektivtrafikk er dette viktig for arbeids- og næringsliv i framtida.

Venstre vil :

- **legge til rette for meir nyskaping og fleire nyetableringar i Møre og Romsdal**
 - **legge til rette for at fleire kvinner etablerer seg i fylket**
 - **ha auka satsing på miljøteknologi**
 - **betre sosiale rettar for dei som er sjølstendig næringsdrivande**
 - **ha større satsing på eksportvegane RV70 og E136**
- 

Vis varme og takhøgde

Vi må ta vare på helsa til barn og unge gjennom førebyggjing og målretta behandling. Eldre må få betre sjansar til å bestemme over eigen kvardag og innhaldet i dei offentlege tenestene dei mottek.

Det trengs eit meir fleksibelt tilbod.

Nytt sjukehus for Nordmøre og Romsdal må byggjast raskt. Det er helsefaglege og samfunnsmessige kriteriar til beste for pasienten som må ligge til grunn for kvar sjukehuset skal plasserast. Sjukehusstruktur i Møre og Romsdal må sikre spesialisthelseteneste med akuttberedskap og fødetilbod som gir fagleg kvalitet og kort reiseavstand.

Venstre vil :

- **auke barnetrygda, gi lavare SFO- og barnehageprisar, samt skattelette til familiar med lav inntekt**
- **gjennomføre ein nasjonal opptrappingsplan for helsestasjonane og styrkje skulehelsetenesta og helsetilbodet til studentsamskipnaden**
- **styrkje og betre samhandling mellom sjukehus, sjukeheimar og kommunalhelsetensta**
- **konkretisere sjukehusstruktur gjennom ein rullerande nasjonal helseplan**
- **styrkje all rusbehandling, inkludert rehabilitering og tilbod til familiane som er råka**



Kandidatane våre

1. **Pål Farstad**, Kristiansund
2. **Britt Giske Andersen**, Giske
3. **Olbjørn Kvernberg**, Molde
4. **Kirsti Dale**, Ålesund
5. **Helge Hamre**, Volda
6. **Tove Norøm Rokstad**, Smøla
7. **Steffen Falkevik**, Ålesund
8. **Martin Kjøpstad**, Vestnes
9. **Ingebjørg Eide**, Eide
10. **Christian Holstad Lilleng**, Haram
11. **Frøydis Austigard**, Molde
12. **Ragnhild Helseth**, Kristiansund
13. **Pål Grødahl**, Ulstein
14. **Arve Ørskog**, Ørskog
15. **Gunn Berit Gjerde**, Hareid

1



2



3



Kultur gir kunnskap – kultur gir innsikt - kultur dannar mennesket



Stem Venstre for :

- reint hav
- satsing på læraren
- ferjefri E39
- betre vegvedlikehald og ferjetilbod
- satsing på fisk
- rett til personvern
- satsing på landbruk
- felles høgskule for heile fylket
- satsing på reiseliv
- styrking av skulehelsetenesta
- satsing på kollektivtrafikk
- skattefrådrag for energisparing
- satsing på gründerar
- prioritering av miljø og klima
- kunst og kultur i sentrum
- nynorsk likestilt med bokmål
- å slå ring om asylbarna

Venstre set
folk først



www.venstre.no